

# BACHELOROPPGÅVE

## Kva innverknad har fattigdom på realisering av god barneomsorg?

av

Kandidatnummer 26 – Bjørg Svinø

Barnevern  
BA530 201  
Mars 2007



## *Innholdsliste*

1.0	Innleiing .....	s 1
1.1	Framdriftsplan .....	s 2
2.0	Dokumentstudie og kunnskapssyn .....	s 3
2.1	Ulike kunnskapssyn .....	s 3
2.2	Eigen førforståelse .....	s 4
2.3	Dokumentstudie som metode .....	s 6
2.4	Valgte dokument .....	s 7
3.0	Sosial konstruksjonisme .....	s 9
4.0	Kva innverknad har fattigdom på realisering av god barneomsorg? .....	s 11
4.1	Fattigdom .....	s 11
4.1.1	Fordelingsorientert perspektiv på fattigdom .....	s 12
4.1.2	Relasjonell forståing av fattigdom .....	s 13
4.2	Barneomsorg .....	s 14
4.3	Einslege forsørgjarar .....	s 16
5.0	Samanhengen mellom fattigdom og barneomsorg .....	s 18
5.1	Psykiske konsekvensar av relasjonell fattigdom .....	s 19
5.2	Overgangsstønad som velferdsordning .....	s 22
5.2.1	Arbeidslinja .....	s 23
5.2.2	Overgangsstønad og omsorg .....	s 24
6.0	Avslutning .....	s 26

## Litteraturliste

## *1.0 Innleiing*

I denne oppgåva skal belyse fattigdom som sosialt fenomen, og eg skal analysere korleis dette fenomenet påverkar realisering av god barneomsorg. Eg har avgrensa oppgåva til å fokusere på fattigdom i Norge, og kva innverknad fenomenet har på realisering av god barneomsorg hjå einslege forsørgjarar. Grappa av åleineforeldre aukar i samfunnet, og mange barn opplever ei form for fattigdom som følgje av dette. Med auka tal på samlivsbrot er dette eit stadig aktuelt tema. Eg vil diskutere desse fenomenene ved å ta utgangspunkt i følgjande problemstilling:

*Kva innverknad har fattigdom på realisering av god barneomsorg?*

Det er interessant å sjå korleis velferdsstaten har utvikla seg og tek hånd om ulike sosiale problem ved til dømes å utvikle ulike økonomiske stønadsordningar, til dømes overgangsstønad til einslege forsørgjarar. Den nye familiepolitikken har blant anna som mål at omsorgsarbeid og inntekter skal fordelast meir likt, og at det også for einslege forsørgjarar skal vera mogeleg å kombinera arbeidsliv og familieliv. Samstundes er grappa av einslege forsørgjarar akseptert som eigen familietype i velferdspolitikken (Hatland, Kuhnle og Romøren, 2004). Det betyr at denne grappa er definert som eiga målgruppe for ulike velferdspolitiske tiltak. Velferdsstaten kan og vera med å skape nye problem ved at ulike grupper som mottek stønadsordningar kanskje blir sette i bås og som følgje av dette opplever stigmatisering og marginalisering. Dette skal eg diskutere seinare i oppgåva.

Eg har som utgangspunkt at det å vera åleina om omsorga for barn fører med seg mange ulike problemstillingar som ikkje alltid er lett å måle ved hjelp av statistiske analyser. Det handlar om livssjansar og livskvalitet for både foreldre og barn. Dårleg økonomi kan føre til at ein blir ufrivillig utestengd frå ein del sosiale arenaer. Dette skapar ulikiheit i livssjansar for barn, og med livssjansar meiner eg her til dømes muligheit til å velje fritidsaktivitetar eller utdanning, og korleis dette kan henge saman med foreldra sin økonomi. Det finst ulike typar fattigdom som til dømes fordelingsorientert fattigdom og relasjonell fattigdom. Desse vil eg belyse og relatere til oppvekstsituasjonen for barn som veks opp i heimar med ein forsørgjar.

Norge som velferdsstat har stort sett gode økonomiske ordningar for einslege forsørgjarar, men er dei gode nok? Den levestandarden som har utvikla seg i dagens samfunn baserer seg oftast på hushald med to inntekter. Med mange oppløyste heimar seier det seg sjølv at denne levestandarden ikkje er like lett å oppretthalde for alle. Kva med den ”sosiale fattigdommen” som til dømes marginalisering er eit uttrykk for? Basert på det litteraturstudiet eg har gjort forstår eg marginalisering som at ein blir utstøtt på ein del område fordi ein ikkje klarar å leve opp til dei forventningane samfunnet har til ein på akkurat dette spesielle området.

### 1.1 Framdriftsplan

I fyrste del av oppgåva vil eg forklare korleis eg har jobba metodisk for å samle inn data om dei ulike tema eg skal belyse for å kunne analysere korleis fattigdom påverkar god barneomsorg blant einsleg forsørgjarar. Eg har lagt stor vekt på methodedelen i denne oppgåva, fordi eg har sett at metodisk innfallsvinkel er ein viktig del av arbeidet for å komme fram til ny kunnskap om dei problema eg vil belyse. Ulike metodar kan nyttast og i dette prosjektet har eg valgt litteraturstudie som forskningsmetode. Eg har studert ulike dokument, blant anna ulike fagbøker, samt andre dokument som stortingsmeldingar og artiklar.

I andre del av oppgåva vil eg forklare mitt teoretiske rammeverk i oppgåva. Eg har teke utgangspunkt i det sosialkonstruksjonistiske samfunnsperspektivet, som fokuserer på korleis virkeligheiten og oppfatningen av denne blir skapt av menneske gjennom samhandling.

I analysedelen skal eg diskutere fenomena fattigdom og barneomsorg, og sjå på i kva grad fattigdom som sosialt problem har innverknad på realisering av god barneomsorg i gruppa einslege forsørgjarar. Dokumentstudien har resultert i analyse av kategoriane fordelingsorientert fattigdom og relasjonell forståing av fattigdomsfenomenet. Fenomenet barneomsorg har eg studert ved å ta utgangspunkt i begrepa behovs-, utviklings- og oppdragelsesomsorg. Eg har utfrå dokumentstudien og definert gruppa av einslege forsørgjarar.

I avslutninga skal eg oppsummere arbeidet og konkretisere kva eg har funne ut om samanhengen mellom fattigdom, barneomsorg og situasjonen til einslege forsørgjarar.

## 2.0 Dokumentstudie og kunnskapssyn

I denne delen av oppgåva skal eg forklare generelt kva metode i forskningsarbeid tyder, og sei kva metodisk innfallsvinkel eg har valgt i mitt prosjekt. For å finne data om fenomenen fattigdom, omsorg og åleineforeldre og samanhengen mellom desse, kan ulike samfunnsvitenskaplege metodar nyttast. Data kan forklarast som summen av alle observasjonar vi gjer om eit fenomen, og etablerte begrep om emnet. Den informasjonen vi då får kallar vi data (Fossåskaret, Fuglestad, Aase, 2006). Ved å studere litteratur om dei ulike fenomenen skal eg belyse dei og finne ut i kva grad dei påverkar kvarandre. I denne delen av oppgåva skal eg forklare ulike metodar som vert nytta til slik innhenting av data om eit tema. Professor Vilhelm Aubert formulerte forklaringa på metode slik: ”*En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problem og komme frem til ny kunnskap. Ethvert middel som tjener dette formålet hører med i arsenalet av metoder*” (Dalland, 2004). Dette forstår eg som at ein metode er fleire ulike måtar å skaffe fram kunnskap om eit emne på, uavhengig av form. Kunnskap vil eg forklare i neste avsnitt.

### 2.1 Ulike kunnskapssyn

Det herskar to hovudsyn på kva kunnskap er. Det eine blir kalla positivistisk kunnskapssyn og er forankra i naturvitenskapleg tradisjon. Dette synet er basert på fornuft, målingar og empiri, og tyder at alt som kan observerast kan reknast ut med logiske sansar (Dalland, 2004). I denne oppgåva har eg ikkje eit positivistisk perspektiv som utgangspunkt då realisering av god barneomsorg etter mi meining er vanskeleg å måle på denne måten. I dette prosjektet skal eg studere samanhengar og subjektive opplevingar av fattigdom, og det er difor viktig å finne ny kunnskap om emnet på andre måtar.

Eit anna hovudsyn, som og vil vera aktuelt i mitt arbeid, er humanistisk orientert og blir kalla hermeneutisk kunnskapssyn. Her legg ein vekt på at ein må forstå grunnbetingelsane for menneskeleg eksistens gjennom deira handlingar, livsytringar og språk. Hermeneutikk er ei fortolkningslære som er knytt til skiljet mellom forklarande og forståande vitenskapar (Dalland, 2004). Å forklare vil sei å kunne greie ut om konkrete årsaker til eit fenomen. Til dømes kan fattigdom ha konkrete økonomiske forklaringar ved at individet ikkje har råd til å dekke grunnleggande behov som mat og klede. Å forstå er derimot å sjå på samanhengen rundt

fenomenet, og belyse fleire faktorar som kan påverka fenomenet. Til dømes å forstå kvifor individet er fattig og korleis fattigdomen blir opplevd for den det gjeld. Ein prøver å finne meininga bak fenomenet.

Hermeneutisk kunnskapssyn tyder dermed at meiningsfulle fenomen må fortolkast for å kunne forståast (Dalland, 2004). Dette kunnskapssynet blir viktig når eg skal studere i kva grad fattigdom har innverknad på realisering av god barneomsorg for einsleg forsørgjarar. Korleis fattigdom blir oppfatta og korleis denne tilstanden påverkar barneomsorg er avhengig av mange faktorar. Desse må eg fortolke for å kunne forstå dei. Til dømes er velferdsstaten sin politikk avgjerande for kven som blir karakterisert som fattig, og normer i samfunnet ellers er avgjerande for kven som kjenner seg fattig. Kva som blir oppfatta som god barneomsorg er avhengig av kva til dømes pedagogar og psykologar legg vekt på i sin kunnskap om emnet. I hermeneutikken finn ein dei skjulte meiningane i eit fenomen og tolkar desse. Skjulte meiningar kan til dømes vera korleis ”den fattige” opplever fenomenet subjektivt, og korleis ytre faktorar som økonomi og butilhøve påverkar livsverdenen til den det gjeld. Skjulte meiningar kan vidare forklarast ved at ei handling som i utgangspunktet verkar irrasjonell for utanforståande i utgangspunktet, gjer meining når ein ser på heilskapen rundt handlinga. I dette prosjektet kan eit døme vera at ein einsleg forsørgjar slit med psykiske problem som følgje av at han eller ho kjenner at dei ikkje strekk til som omsorgspersonar. Sett utanfrå kan dette verke uforståande, då vedkommande har økonomiske ytingar som bidreg til ein tilfredsstillande økonomisk levestandard. Den psykiske lidinga må sjåast i samanheng med andre faktorar for å kunne fortolkast og dermed forståast. Slik eg ser det blir det hermeneutiske kunnskapssynet spesielt viktig for å kunne svare på problemstillinga om fattigdom har innverknad på realisering av god barneomsorg for einslege forsørgjarar. Det finst og ulike andre faktorar som er viktige å vera seg bevisst når ein studerer fenomen. Ein av desse er vår eigen førforståelse, og eg vil i neste avsnitt forklare kva dette tyder.

## 2.2 Eigen førforståelse

Det er viktig å vera seg bevisst sin eigen førforståelse til ulike fenomen slik at ein blir i stand til å oppretthalde analytisk distanse til det ein studerer. Analytisk distanse forstår eg som at ein har eit slags ”fugleperspektiv” på fenomenet, og klarar å analysere det ein studerer utan å bli ”involvert”. Ein må klare å hente inn kunnskap om ulike faktorar utan å bli påverka av sin

eigen førforståelse eller kjennskap ellers til emnet. Førforståelse vil seie kva meiningar og eventuelle erfaringar vi har med oss inn i ein fortolkning av eit fenomen, og blir påverka av blant anna kultur, biologi og personlegdom (Røkenes og Hanssen, 2002) I mitt prosjekt blir dette spesielt viktig då eg sjølv er einsleg forsørgjar og eg har difor mykje førkunnskap og egne erfaringar om emnet. Eg kjenner godt til kva økonomiske velferdsordningar som finst, og eg har erfaring med kva realisering av barneomsorg vil seie. Det er viktig for meg å behalde utanforperspektivet, det vil seie å klare å sjå min eigen situasjon på ein nøytral måte slik at ikkje prosjektet blir farga av mine personlege opplevingar. Samstundes kan eg tilføre prosjektet meir kunnskap ved at eg lettare kan relatere teoretiske begrep til ein einsleg forsørgjar sin livsverden.

For å kome fram til ny kunnskap om eit fenomen må ein altså forske på fenomenet ved hjelp av samfunnsvitenskaplege metodar. Innanfor samfunnsforskning blir det i hovudsak nytta to typar metodiske innfallsvinklar; kvantitativt og kvalitativt orienterte metodar (Wadel, 2002). Kvantitativ orientert metode fokuserer på tal, mengde og omfang, og tek utgangspunkt i eit representativt utval. Denne forskningsmetoden har sitt opphav i det positivistiske kunnskapssynet.

Kvalitativ orientert metode er ein forskningsmetode der forståing av samhandling er viktig. Denne metoden er baseret på kunnskap om få informantar innan det området ein forskar på (Wadel, 2002). Kvalitativ forskning bygger på det hermeneutiske kunnskapssynet. Det finst fleire kvalitativt orienterte metodar, blant anna kvalitativt intervju, deltakande observasjonar og kvalitativt dokumentstudie. I dette prosjektet skal eg gjennomføre ein kvalitativ dokumentstudie for å få fram kunnskap og data om i kva grad fattigdomsfenomenet har innverknad på realisering av god barneomsorg for einslege forsørgjarar.

Det er viktig at dei ulike metodane for å finne kunnskap ikkje utelukkar kvarandre, men at kvar av dei blir nytta der det er hensiktsmessig. Knut Kjelstadli bekreftar dette når han seier: *”Ein får telje det som teljast kan”* (Fossåskaret, Fuglestad, Aase, 2006) I dette prosjektet kan eg ikkje telje i kva grad fattigdom påverkar einslege forsørgjarar si evne til å realisere god barneomsorg. Dette vil eg komme tilbake til i analysedelen i oppgåva. I neste avsnitt vil eg forklare dokumentstudie som er den metoden eg har valgt i mitt prosjekt.

### 2.3 Dokumentstudie som metode

Ein dokumentstudie vil seie studie av ulike skriftlege kjelder som kan vera faglitteratur, skjønnlitteratur, aviser eller offentlege dokument for å nemna nokre (Fossåskaret, Fuglestad, Aase, 2006). Eit dokument er ein lesbar melding som inneheld informasjon. Ein dokumentstudie kan og forklarast som ein innhaldsanalyse, der datakjelda altså til dømes er eit dokument, verbale utsagn eller TV-program. Brukt i ein kvalitativ studie som i dette prosjektet, kan ein supplere med nye tekstar undervegs i prosjektet (Halvorsen, 2002).

I følge John Scott si bok "A matter of record" frå 1990 er det i dokumentstudie spesielt viktig å ta omsyn til truverdigheit, representativitet, realibilitet og meining i dokumenta.

Truverdigheit tyder at dokumenta må vera basert på opplysningar som er sanne og kan sporast. Representativitet tyder at dokumentet må vera generaliserbart og aktuelt for det tema eg studerer. Til dømes bør eg studere fleire kjelder for at dei skal bli representative. Reabilitet forstår eg som at ein kan stole på det ein les, og at ikkje dokumentet i for stor grad er ei subjektiv fortolkning av andre sine tekstar. Bruk av anerkjente forfattarar styrkar reabiliteten i kjeldene. Eg har valgt litteratur som er av både primær og sekundær art. Primærlitteratur er prega av nye data som forfattaren sjølv har samla inn, medan sekundærlitteratur inneheld data som er samla inn av andre (Halvorsen, 2002) I mitt prosjekt er det viktig å velje litteratur som beskriv til dømes faktorar som påverkar folk si oppleving av fattigdom, framfor dokument som angir tal og forekomst av same fenomen. Slik kan eg gjennom dokumentstudie finne svar på om fattigdomsfenomenet påverkar realisering av god barneomsorg for einslege forsørgjarar.

Ein måte å tolke dokument på er å finne diskursen dei representerer eller meininga bak innhaldet. Diskursar er den logikken som bestemmer grensene for kva som er sosialt og kulturelt akseptert som "sant, truverdig, fornuftig og godt". Kva er til dømes god barneomsorg? Dette skal eg prøve å finne ut av. Diskursanalyse inneber å reflektere over det som blir sagt, korleis det blir sagt og om det kan seiast på ein annan måte. (Halvorsen, 2002).

I dette prosjektet er det interessant å studere diskursen i korleis fattigdomsfenomenet blir oppfatta i samfunnet og innanfor velferdsordningane. Det er vidare interessant å sjå korleis



fenomenet påverkar det som utfrå eit sosialkonstruksjonistisk perspektiv blir oppfatta som god barneomsorg.

I denne oppgåva har eg altså nytta ulike dokument som datagrunnlag og eg har gjort ein innhaldsanalyse av desse. Eg har vektlagt å finna primarkjelder som er relevante for mitt prosjekt. Eg har prøvd å finna diskursen som dei representerer. Ei bok eg har nytta for å studera det sosialkonstruksjonistiske perspektivet er Peter L. Berger og Thomas Luckmann si bok "Den samfunnsskapt virkelighet" frå 2000. I denne boka legg forfattarane vekt på at menneske aktivt er med på å skape sin eigen virkelighet. Denne virkeligheiten aksepterar vi som vår livsverden. Mennesket sine handlingar og dei ulike strukturane i samfunnet påverkar kvarandre gjensidig til ei kvar tid. I dette prosjektet blir dette synleg ved at til dømes ein som samfunnet oppfattar som fattig har begrensingar i sine levekår. Desse begrensingane kan til dømes vera dårlege butilhøve som forringar den materielle levestandarden. Levestandarden vil påverke handlingsrommet til den fattige, og slik skapar den fattige ein livsverden som samfunnet etterkvart karakteriserar som "ein måte fattige lever på". I neste del av oppgåva skal eg gjere greie for nokre av dei dokumenta eg har valgt og kvifor.

#### 2.4 Valgte dokument

Eg har altså studert delar av Peter L. Berger og Thomas Luckmann si bok "Den samfunnsskapt virkelighet" frå 2000 for å studera det sosialkonstruksjonistiske samfunnsperspektivet.

For å belyse fenomenet fattigdom har eg blant anna nytta Knut Halvorsen si bok "Sosiale problem" frå 2006. Denne boka tek føre seg ulike sosiale problem, og utfrå eit sosiologisk og tydeleg sosialkonstruksjonistisk perspektiv forklarar Halvorsen feltet fattigdom som eit av dei viktigaste områda i velferdstaten sin politikk opp gjennom historien. Halvorsen legg vekt på at alle sosiale problem er samfunnskapt, og at mennesket sin livsverden i stor grad blir påverka av dei tilhøva det lever i. Slik får han fram at fattigdom er sosialt konstruert.

Begrepet omsorg har eg studert ved blant anna å bruke Kari Killen si bok "Sveket" frå 2004. Denne boka tek føre seg omsorgssvikt og kva konsekvensar dette får for barn si utvikling. Beskrivelse av omsorgssvikt kan seie noko om kva god omsorg bør vera, og i mitt arbeid blir denne boka viktig for nettopp å belyse dette. Boka har fått mykje kritikk fordi mange meiner

Kari Killen er for deterministisk i sitt syn på barneomsorg. Nokre kritiske røyster hevdar at boka "Sveket" av mange fagpersonar blir sett på som barnevernet sin "bibel", og meiner heile profesjonen er for sterkt påverka av hennar kriterier for omsorgssvikt. Kjernen i kritikken mot Killen går ut på at kriteriane for omsorgssvikt kan oppfattast som for bastante og gjev lite rom for at til dømes omsorgssvikt kan ha andre og meir samansette årsaker enn det ho antydar. ([http://barnasrett.no/tema/kari\\_killen.htm](http://barnasrett.no/tema/kari_killen.htm)) 25.01.07.

For å få fleire syn på begrepet omsorg, har eg difor i tillegg valt å studere delar av Pär Nygren si bok "Profesjonelt barnevern som barneomsorg". Denne boka har som utgangspunkt å bidra til ein barnevernspraksis som i stor grad legg vekt på at barnet sitt totale nettverk skal stå i sentrum for barnevernsarbeidet. Slik får han fram ein annan diskurs i fenomenet barneomsorg.

I dette prosjektet har eg fokusert på einslege forsørgjarar som gruppe, og for å hente data om denne gruppa sin omsorgssituasjon har eg blant anna studert Frode Thuen si bok "Livet som deltidsforeldre" fra 2004. Thuen er professor og ein av landets fremste ekspertar på familiepsykologi. Boka byggjer på ein landsomfattande undersøking blant deltidsforeldre og tek opp aktuelle spørsmål om delt omsorg, og dermed omsorgssituasjonen for åleineforeldre. I tråd med hermeneutisk forståing legg Thuen vekt på det kvalitative i sin forskning, og seier blant anna at: "*først gjennom innsikt i det unike kan vi forstå det allmenne og generelle*". Dette forstår eg som at vi lærer å forstå den samfunnskapte virkeligheiten ved å samtale med og studere enkeltindivid sin livsverden.

For å kunne belyse i kva grad fattigdom har innverknad på realisering av god barneomsorg for einslege forsørgjarar, må eg velje ein ståstad eller eit perspektiv som utgangspunkt. Ein teori eller eit perspektiv kan forklarast som ein måte å oppfatte virkeligheiten på. Som nemnt tidlegare i oppgåva er det viktig å forstå heilskapen i eit fenomen som fattigdom for å kunne forstå kva påverknad fenomenet har på mennesket. Eg har difor i dette prosjektet valgt eit sosialkonstruksjonistisk perspektiv som ståstad. I den neste delen av oppgåva skal eg forklare denne teoretiske innfallsvinkelen nærare.

### 3.0 SOSIAL KONSTRUKSJONISME

Fattigdom er eit sosialt problem som eg antek har påverknad på realisering av barneomsorg. Sosiale problem er eit fenomen som oppstår i menneska sin samhandling med andre. Å vera sosial vil seie alle former for menneskeleg samkvem, og eit sosialt liv vil seie alle handlingar som inngår i eit menneskeleg fellesskap (Halvorsen, 2006). Eit problem oppstår når noko i denne konteksten blir vanskeleg og innvikla, og individet oppfattar situasjonen som problematisk. Sosiale problem oppstår og desse fenomena kan vera ødeleggende eller nedbrytande for den det gjeld. Når vi står ovanfor sosiale problem i ein velferdsstat som Norge vil det vera eit krav at det offentlege grip inn for å løyse problema. Dei fleste sosiale problem må relaterast til ulikskap og ulikskapande prosessar i samfunnet, og er difor eit offentleg ansvar å løyse (Halvorsen, 2006). Sosiale problem angår mange, og er samfunnsskapt.

Sosial konstruksjonisme er eit perspektiv der ein i utgangspunktet fokuserer på alle sosiale problem i eit samfunn. Ein prøver å identifisere prosessen som fører fram til ein definisjon av eit problem. Ein legg ikkje vekt på dei harde realitetar, men på kva sentrale aktørar oppfattar som problem. Slike aktørar kan vera politikarar og forskarar, og det er blant anna desse aktørane som har makt til å definere ulike begrep. I dette perspektivet står språket sentralt (Halvorsen, 2006). Eg forstår dette som at utfra eit sosialkonstruksjonistisk perspektiv blir sosiale problem konstruert og sett på dagsorden av dei med definisjonsmakt. I neste avsnitt skal eg gjere greie for opprinnelsen til denne måten å forstå sosiale problem på.

Mennesket er i stor grad sjølv med på å skape sin eigen virkelighet, men blir påverka av det samfunnet det lever i. Samfunnet er prega av det politiske hovudsynet som rår, og den samfunnsskapte virkeligheten blir forandra kontinuerleg. Mennesket skaper altså og blir samstundes skapt av samfunnet og det skjer heile tida ein gjensidig påverknad mellom individ og samfunn. Berger og Luckmann seier i boka "Den samfunnsskapte virkelighet" at: *"Samfunnet er et menneskelig produkt. Samfunnet er en objektiv virkelighet. Mennesket er et sosialt produkt"*. I dette ligg ein dialektisk tankegang, det vil seie menneske og samfunn

påverkar kvarandre gjensidig (Berger og Luckmann, 2000). Dette kan vidare forklarast som tre faser der begrepa eksternalisering, objektivisering og internalisering er sentrale.

Eksternalisering kan forklarast som ein fase der ny kunnskap blir marknadsført (Schiefløe, 2003). Dette er ein prosess som kan vera uformell eller formell. Formelle former kan vera når pedagogar legg fram teoriar om barneomsorg, og uformelle former kan vera bekjente sin erfaring som blir framlagt i den daglege samhandlinga. Denne eksternaliseringsfasen leiar over i objektiviseringsfasen som inntreffer når dei framsette fakta eller teoriar blir aksepterte som verkelege i kraft av seg sjølv, uavhengig av kven som opprinnelig formulerte dei (Schiefløe, 2003). I internaliseringsfasen tek medlemmane av ein kultur dei objektive sannheitane og gjere dei til sine egne. Desse tre fasene beskriv korleis virkeligheiten blir konstruert, og er nokre av sosialkonstruksjonismens viktigaste kjenneteikn.

Mennesket skaper samfunnet, men samfunnet når det er skapt, framstår som ein objektiv virkeligheit som framstår som ein hard realitet som utøver tvang, og som vi i liten grad har innflytelse på. Velferdsstaten er eit døme på dette. Mennesket har gjennom sine behov for økonomiske ytingar vore med på å skape velferdsstaten med sine universelle ordningar. Når desse ordningane først er etablerte er det vanskeleg for enkeltmennesket å sjå at dei kan gjere noko med dei.

Fenomena fattigdom og barneomsorg er sosiale konstruksjonar og nokon har meir makt når det gjeld å konstruere virkeligheit enn andre. Til dømes vil pedagogar ha stor innflytelse på kva som blir sett på som god barneomsorg. Dette kan relaterast til eksternaliseringsfasen. Dei får dermed mykje makt til definere omsorgsroller i samfunnet, og bestemmer difor i stor grad korleis individa skal opptre for å fylle desse rollene. Eg tolkar dette som at når menneske skal ta til seg denne nye kunnskapen og gjera den til sin virkeligheit vil objektiviseringsprosessen framstå som ein slags tvang. På same måte kan individ kjenne seg fattige fordi dei ikkje ”når opp” til dei forventningane samfunnet har til dei når det til dømes gjeld materielle goder og realisering av god barneomsorg. Individet internaliserer på eit vis den stigmatiserte rolla som fattig, men dette kan kjennast tøft psykisk. Slik kan internaliseringa bli vanskeleg, og samfunnet kan på denne måten vera med på å marginalisera enkeltindivid på bakgrunn av det dei med definisjonsmakt har sett som ”standard”. Med marginalisering meiner eg at menneske kan kjenna seg utstøtt frå ulike sosiale arenaer. Ettersom samfunn og menneske påverkar

kvarandre gjensidig heile tida vil difor ulike sosiale problem vera ulikt definert til ulike tider. Dei er sosiale konstruksjonar.

I neste del av oppgåva skal eg gjere greie for fenomenena fattigdom, omsorg og einslege forsørgjarar, og analysere om det er samheng mellom fattigdom og realisering av god barneomsorg for einslege forsørgjarar.

#### *4.0 Kva innverknad har fattigdom på realisering av god barneomsorg?*

For å forstå fenomenena fattigdom og barneomsorg og samanhengen mellom desse, er det sosialkonstruksjonistiske perspektivet eit fornuftig perspektiv å bruke. Ein ser på prosessane som fører fram til problemet, og på korleis dei ulike fenomenena påverkar kvarandre gjensidig. Fattigdom er vanskeleg å forstå og måle, og i neste del av oppgåva skal eg forklare ulike tilnæringsmåtar som vert nytta for å prøve å forstå fattigdomsbegrepet. Vidare skal eg belyse omsorgsbegrepet utfrå teoriane om behovs-, utviklings- og oppdragelsesomsorg. I siste del av dette kapitlet skal eg definere gruppa av einslege forsørgjarar.

#### *4.1 Fattigdom*

Fattigdom har sitt opphav i begrepet ulikheit og er eit komplekst fenomen som oppstår i samspelet mellom strukturelle samfunnstrekk og individa si atferd som er forma av desse. Fattigdom er ein nødvendig og lovaktig konsekvens av å basera økonomien i eit samfunn på konkurranse om arbeid og løn (Frønes og Kjølørød, 2005). Dette forstår eg som at fenomenet fattigdom alltid vil finnast så lenge det er ulikskap i økonomiske tilhøve og ulikskap i kva sjansar enkeltindividet har til å tileigne seg økonomiske ressursar.

Historisk sett har ein i tidlegare tider oppfatta fattigdom som skjebnestyrt og sjølvforskyldt, og var ein først kategorisert som fattig var det oftast på livstid (Halvorsen, 2006).

Gjennom si kartlegging av levekår i Norge frå midt på 1800-talet la Eilert Sundt grunnlaget for den første sosiologiske forståinga av fattigdom basert på sosialstatistiske data. Sundt viste her at atferd som leda til fattigdom blant anna varierte med den sosiale strukturen. Etterkvart kom gjennombrøtet for slik sosialt kontekstuell fattigdomsforståing med Peder Townsend sine

studie av engelske lokalsamfunn på 1960-talet (Frønes og Kjølørød, 2005). Slik har forståinga av fattigdomsfenomenet som eit samfunnskapt sosialt problem utvikla seg opp gjennom historien.

Med oppbygginga av velferdsstaten etter andre verdskrigen var det i Norge politisk semje om at ein skulle sikre ein mest mogeleg rettferdig fordeling av levekår, spesielt med omsyn til inntekt og formue. Slik skulle alle borgarar sikrast rettferd og like muligheiter (Halvorsen, 2006). Fattidom som fenomen må sjåast på som ein trussel mot velferdsstaten sine prinsipp, og det har difor vore viktig å ha ei sosiallovgiving som i størst mulig grad utryddar fenomenet. Eit tiltak i denne samanhengen er blant anna at den tradisjonelle familiepolitikken har gått ut på at det offentlege har bidrege der familiefunksjonane har svikta, til dømes ved stønad til einslege mødre (Hatland, Kuhnle, Romøren, 2004). Ved slike ordningar kan velferdsstaten vera med å bidra til at den økonomiske levestandarden for einslege forsørgjarar blir halden på eit akseptabelt nivå.

Det finst ulike måtar å definere fattigdom på, og i neste avsnitt skal eg gjere greie for ulike teoretiske begrep som vert nytta for å forklare fenomenet. Dei ulike definisjonane viser til at fenomenet er ein sosial konstruksjon. Eg vil først forklare fattigdomsbegrepet utfrå eit fordelingsorientert perspektiv som legg vekt på rein fordeling av økonomiske ressursar. Dette perspektivet har i samsvar med den historiske forståinga av fattigdomsbegrepet, dominert fattigdomsgranskinga opp gjennom tidene (Terum, 1998).

#### *4.1.1 Fordelingsorientert perspektiv på fattigdom*

Fordelingsorientert perspektiv på fenomenet fattigdom har som utgangspunkt at fattigdom kan målast empirisk, det vil seie i tråd med kvantitativ forskning. Her legg ein vekt på det gjennomsnittlege og det som kan teljast og målast. Dette perspektivet samsvarar difor i mindre grad med sosialkonstruksjonistisk forståing av fattigdomsfenomenet, som eg vil ha hovudfokus på i dette prosjektet. Samtidig viser dei ulike forståingane til at korleis ein tenker rundt fattigdom, er sosiale konstruksjonar.

I det fordelingsorienterte perspektivet kan ein forklare fattigdom som til dømes absolutt fattigdom. Det tyder at fattigdom er definert som eit fysisk fenomen der ein manglar grunnleggjande goder som mat, hus, klede eller varme (Halvorsen, 2006). Det å mangle goder

som mat og klede handlar om muligheit til fysisk overleving og kan mest relaterast til den fattigdommen vi ser i utviklingsland.

Ein annan måte å forklare fattigdom på innan det fordelingsorienterte perspektivet er den relative forståinga av fattigdomsbegrepet. Her blir fattigdom sett på som eit sosialt fenomen der ein opplever deprivasjon, det vil seie ein manglar goder andre har (Halvorsen, 2006). Den fattigdommen ein måler må relaterast til normalbefolkninga. Relativ forståing av fattigdom går ut på at fattigdom ikkje berre kan knyttast til ressursar for å overleva fysisk, men at mennesket treng økonomiske ressursar for å kunne ha eit godt sosialt liv (Gjertsen, 2003).

I mitt prosjektet kan det relative fattigdomsbegrepet til dømes forståast som at ein einsleg forsørgjar berre har ei inntekt i hushaldet, medan ein "normalfamilie" kanskje har to. Då vil den einsleg forsørgjaren oppleve å ikkje ha råd til goder som normalfamilien, og mesteparten av befolkninga har råd til. I St.meld. nr. 6 (2002-2003) blir fattigdom forstått på denne måten: *"Med fattigdom forstås at personer har så lav inntekt, eventuelt i kombinasjon med høye nødvendige utgifter i forbindelse med sykdom, funksjonshemming mv., at de over lengre tid ikke får dekket grunnleggende velferdsbehov"*. Dette samsvarar med ein relativ forståing av fattigdomsfenomenet. I neste avsnitt skal eg gjere greie for den relasjonelle tilnærminga til fattigdomsbegrepet som i større grad ser på fattigdom som ein sosial konstruksjon, og der dei sosiale aspekta ved fattigdom blir framheva i større grad.

#### 4.1.2 Relasjonell forståing av fattigdom

Denne forståinga har som utgangspunkt at fattigdom blir sett på som ein sosial konstruksjon som er knytt til marginalisering. Marginalisering vil seie å bli utstøtt av det fellesskapet ein som samfunnsborgar er ein del av. Slikt fellesskap kan vera ulke sosiale arenaer, arbeidsmarknad og liknande (Terum, 1998) Fenomenet fattigdom er her ikkje knytt direkte til fordelinga av ressursar, men til opplevinga den utstøtte vil ha i høve til sine eigne levekår. Den relasjonelle forståinga av fattigdomsbegrepet er altså nært knytt opp til medborgarskapsbegrepet. Eit sosialt medborgarskap fordrar at alle individ rår over tilstrekkelege ressursar til å oppfylle dei roller og forventningar som vanleg deltaking i samfunnet består av. Fattig er difor den som rår over så små ressursar at livet til vedkommande blir svært avvikande frå det livet andre lever (Frønes, Kjølørød, 2005). Eg

oppfattar dette som at dei ressursane det her er snakk om kan vera både materielle og ikkje-materielle.

Det relasjonelle perspektivet på fattigdom viser korleis kategorien fattig må sjåast i relasjon til kategorien ikkje-fattig. Å sjå følgjene av å vera anleis fører til at samfunnsborgarane arbeider for å oppretthalde normstrukturane i samfunnet. Arbeidsetikk er døme på ei viktig norm i denne samanhengen. Det blir forventa at mennesket i størst mulig grad skal ta arbeid for å forsørge seg sjølv. Dersom ein av ulike årsaker ikkje kan delta på arbeidsmarknaden og kan karakteriserast som fattig, bryt ein dermed med denne norma. Ved å ha kategorien fattig kan dei ikkje-fattige dermed yte hjelp og omsorg til denne gruppa. Dette gjer ei kjensle av å vera betydningsfull (Terum, 1998).

På bakgrunn av denne normstrukturen kan dei fattige bli marginalisert frå ulike arenaer i samfunnet. Fattigdom handlar altså ikkje berre om mangel på pengar og andre materielle ressursar, men om rettar og relasjonar og korleis fattige blir sett på av andre menneske. Den relasjonelle fattigdomen dreiar seg om korleis den fattige ser på seg sjølv, og om maktlausheit, eksklusjon og tap av verdigheit (Halvorsen, 2006).

Dette er hovudkjerna i det eg ynskjer å få fram i analysen av min problemstilling. Den relasjonelle forståinga av fattigdom er difor mitt utgangspunkt i prosjektet, for best å kunne belyse i kva grad fattigdom har innverknad på realisering av god barneomsorg for einslege forsørgjarar. I neste avsnitt skal eg diskutere barneomsorg og kva ein legg i dette begrepet.

#### 4.2 Barneomsorg

Det å gje omsorg til eit barn føreset at ein er i stand til å møte barnet sine behov heilt frå fødselen av. Ein må kunne tolke signala som barnet gjev, og stette dei behova som oppstår. Dette gjeld både behov for mat, klede og stell, men og å møte dei kjenslemessige behova som barnet har. Trøyst, nærleik, varme og kos er døme på slike (Killen, 2004). Som omsorgspersonar gjer vi psykisk og fysisk omsorg ganske automatisk gjennom vår empati til barnet. Denne prosessen startar med ein gong barnet er fødd, og det å gje omsorg er meir eit instinkt enn innlært handling. Sjølv om foreldre si omsorgsevne kan vera sterkt mangelfull eller traumatiserande, er grunnlaget for den tilgjengeleg for alle gjennom kjenslemessig innleving i barnet (Opjordsmoen, 2005).



For å vere gode omsorgspersonar må foreldre eller dei som har omsorga for barnet, ha utvikla eit visst nivå av omsorgskompetanse. Omsorgskompetanse vil seie at ein har tilstrekkeleg kompetanse til å utøve behovs-, utviklings- og oppdragelsesomsorg overfor barn. Denne evna blir utvikla i tråd med dei krav som ligg i den aktuelle kulturen vi lever i (Nygrän, 1995). Dei krava det her er snakk om kan forklarast som det ”idealet” eller oppkrifta på barneomsorg som rår i samfunnet. Dette er altså sosiale konstruksjonar skapt av menneske med definisjonsmakt. Når ein gjev omsorg prøver ein å leve opp til eller tilfredsstillte dei normene som utfrå eit sosialkonstruksjonistisk perspektiv rår når det gjeld omsorg for barn. Dette er etter mi meining i tråd med internaliseringsfasen i det sosialkonstruksjonistiske perspektivet, der framsette fakta og teoriar blir akseptert og internalisert.

Nokre kjelder til omsorgskompetanse kan vera den erfaringa ein sjølv har hatt som barn og overføring av kunnskap og erfaring fra eigne foreldre og andre i det sosiale nettverket. Omsorgskompetanse vil og vera den kompetansen ein tileignar seg i det daglege samspelet ein har med eigne og andre barn (Nygrän, 1995).

Begrepet omsorg kan vidare delast inn i tre ”typar” av omsorg. Behovsomsorg vil seie å bidra til at barnet sine grunnleggande behov blir tilfredsstillt på det for barnet mest hensiktsmessige tidspunkt. Slike behov kan vera mat, nærheit og varme, og karakteriserer den omsorga vi gjev frå barnet er nyfødt, og som er ein del av primærsosialiseringa (Gjertsen, 2003).

Utviklingsomsorg kan forklarast som å bidra til at barnet utviklar seg sosialt, psykososialt, kognitivt, fysisk og motorisk på ein hensiktsmessig måte. Dette kan samanliknast med den omsorga vi gjev som ein del av sekundærsosialiseringa.

Den tredje typen omsorg er oppdragelsesomsorg, og handlar om å bidra til at barnet gjennom sitt eige virke og i sosialt aksepterte former sjølv klarar å tilfredsstillte sosialt aksepterte behov (Gjertsen, 2003). Dette tolkar eg som å legge til rette for at barnet i størst mogeleg grad får realisere seg sjølv utfrå sine føresetnader og ønsker.

For å realisere god barneomsorg må alle desse ulike typane av omsorg bli realisert på ein tilfredsstillande måte. Sett frå eit sosialkonstruksjonistisk perspektiv betyr dette at ein i tråd med internaliseringsfasen i prosessen der verkelegheiten blir konstruert, lærer seg dei objektive sannheitane og gjer dei til sine eigne (Schiefløe, 2003). Med det meiner eg at

omsorga blir realisert i samsvar med det som blir sett på som normalt på bakgrunn av forskning og ny kunnskap til ei kvar tid. Det vil vera ulikt syn på kva som vart karakterisert som god omsorg for femti år sidan og kva som blir sett på som god omsorg i dag. Omsorgsbegrepet er dermed ein sosial konstruksjon.

Foreldra eller omsorgspersonane sin livsituasjon og historie vil ha innverknad på deira omsorgskompetanse. Rammer som verkar inn på utøvinga av omsorgskompetansen kan til dømes vera bustad, arbeid eller utdanning, og økonomi (Nygrän, 1995).

Ved å studere fattigdom som fenomen, kan vi difor belyse i kva grad omsorgspersonane sin økonomi har innverknad på evna til å realisere god barneomsorg. I dette prosjektet har eg valt å studere gruppa av einslege forsørgjarar, og kva fattigdom vil ha å seie for deira omsorgskompetanse. I neste avsnitt skal eg difor definere gruppa av einslege forsørgjarar og kva som karakteriserer denne.

#### 4.3 Einslege forsørgjarar

Lov om Folketrygd §§ 15-4, 15-5 definerer einsleg mor eller far som ugifte, separerte eller skilde foreldre som: ”*varig har klart meir av den daglege omsorga enn den andre av foreldra*”, ”*og som ikkje bur saman med ein person han eller ho har barn med, er skild eller separert frå, eller har levd saman med i 12 av dei siste 18 månadane*”. Einslege forsørgjarar er ei gruppe i sterk vekst. Denne gruppa vart i mange år definert som ein kategori menneske med sosiale problem, men etterkvart som fleire ulike familieformer er blitt aksepterte er einslege forsørgjarar i aukande grad blitt anerkjent som ein eigen familietype utan stempelen sosiale problem (Hatland, Kuhnle, Romøren, 2001). Dette viser at dei sosiale konstruksjonane har endra seg over tid. I tråd med samfunnsutviklinga ellers har familiemønster endra struktur, og denne virkeligheiten blir i samsvar med objektiviseringsfasen i det sosialkonstruksjonistiske samfunnsperspektivet ein realitet som individa etterkvart aksepterer som ein objektiv sannheit.

Statistikkar viser eintydig at det er fleire mødre enn fedre i gruppa av einslege forsørgjarar. Grovt rekna er mellom åtte og ni av ti einslege forsørgjarar einslege mødre (Ellingsæter og Leira, 2004). Tidlegare forskning viser at det er store systematiske ulikskapar mellom einslege mødre og einslege fedre. Einslege fedre har oftare høgare utdanning, er i større grad i

heiltidsarbeid, og har klart høgare inntekt enn dei einslege mødrene. Ein må likevel ta i betraktning den utviklinga kvinner har hatt både når det gjeld utdanning og jobb. Sjølv om det framleis i dag er kvinner som i hovudsak lever åleine med barn, blir moderne kvinner i stor grad sett på som sterke, sjølvstendige og uavhengige, og ikkje minst yrkesaktive. Tidligare var begrepet "åleinemor" ofte assosiert med sosial katastrofe (Ellingsæter og Leira, 2004).

Det har vore vanskeleg å definere kven som høyrer inn under gruppa av einslege forsørgjarar og difor vanskeleg å talfeste kor mange som høyrer til i gruppa. Dei mest pålitelege opplysningane er i følge Ellingsæter og Leira (2004), Rikstrygdeverket sine register over mottakarar av utvida barnetrygd. Utfrå denne statistikken kan vi anslå at talet på hushald med einslege forsørgjarar i 2001 var cirka 117000. Det må og understrekast at gruppa av einslege forsørgjarar kan variere fordi det å vera einsleg ofte er ein tidsavgrensa tilstand i ulike livsfasar. Ein livsfase som einsleg forsørgjar er i dag meir kortvarig enn den var for få tiår sidan (Øia og Fauske, 2006).

Velferdsstaten har gode økonomiske ordningar for einslege forsørgjarar, med liten grad av behovsprøving. Av ordningar kan nemnast blant anna rett til utvida barnetrygd som tyder rett til barnetrygd for eitt barn meir enn ein faktisk har. Alle desse velferdsordningane har utvikla seg i takt med behov og endringar i samfunnet generelt. . Etterkvart som familieformene har endra seg, har behovet for ulike økonomiske velferdstiltak utvikla seg, blant anna for å hjelpe einslege forsørgjarar. Overgangsstønad er ei anna slik yting for einslege forsørgjarar. Denne kan bli gitt fram til det yngste barnet er åtte år, men ikkje for meir enn tre år i denne perioden. Stønaden blir avkorta mot arbeidsinntekt. Stønad til banetilsyn kan ein få dersom ein er i jobb eller under utdanning. Stønaden dekkjer ein viss del av utgiftene til barnehage og skulefritidsordning. Dersom ein einsleg forsørgjar er under utdanning, kan denne og ha rett til utdanningsstønad i den perioden ein har krav på overgangsstønad (Folketrygdloven, § 15-5 til § 15-14). . Ellers har alle einslege forsørgjarar rett til barnebidrag frå den andre forelderen, og alle einslege forsørgjarar blir skattelikna i klasse II. Denne gruppa forsørgjarar er ei svært sårbar gruppe som ofte og vil kvalifisere for sosiale ytingar som er retta mot breiare målgrupper. Slik stønad kan vera bustøtte til barnefamiljar og kommunal sosialhjelp (Hatland, Kuhnle og Romøren, 2004).

## 5.0 Samanhengen mellom fattigdom og barneomsorg

Både auka skilsmissefrekvens i samfunnet, og meir aksept for å få barn utan å ha eit fast forhold gjer at stadig fleire barn veks opp med berre ein forelder. Fleire studier har vist at barn i åleine-foreldrefamiliar klarar seg bra, men det er ulike tilhøve rundt ein slik familie som kan gjera familien sin livssituasjon vanskeleg.. Slike tilhøve er i hovudsak dårleg økonomi, og økonomiske bekymringar tærer ofte på krefter som går utover omsorgsoppgåvene til forsørgjaren. Til dømes kan dette vera oppsorgsoppgåver som kontakt, stimulering og grensesetting overfor barna (Bunkholdt, 2003). Dette er viktige faktorar som må belysast for å sjå i kva grad fattigdomsfenomenet har innverknad på realisering av barneomsorg.

Eg skal i denne delen av oppgåva fokusere på denne samanhengen mellom fattigdomsfenomenet og barneomsorg, og diskutere i kva grad desse fenomena påverkar kvarandre, spesielt i gruppa av einslege forsørgjarar. Eg vil belyse kva psykiske konsekvensar relasjonell fattigdomsforståing kan få for omsorgspersonen, og kva overgangsstønad som velferdsordning kan bidra med i omsorgssituasjonen. Eg har teke med arbeidslinja som eit eige avsnitt då eg tykkjer dette er eit viktig tema i diskusjonen.,

Med auka materiell levestandard i samfunnet blir det lagt ein ”økonomisk standard” som ikkje er like lett å leve opp til for alle grupper i samfunnet. Basert på mine dokumentstudier tolkar eg dette som at dei som ikkje når opp til eit slags minstekrav til økonomiske goder kan karakteriserast som fattige. Dette kan lett målast ved å sjå på inntekt i norske hushald. På ei anna side kan ulike andre faktorar vera med på å skape forhold som fører til at enkeltindivid kjenner ei form for fattigdom som er av meir sosial art, og det er denne fattigdomsforma eg fokuserer på i dette prosjektet.

Økonomiske velferdsordningar bidreg til at ein kjem over den økonomiske fattigdomsgrensa, men ein kan likevel bli utestengd frå ein del aktivitetar som blir rekna som standard i eit samfunn. Kva psykiske konsekvensar kan slik utestenging få for individet?

Felles for alle måtane som fattigdom stort sett blir målt på, er at barneperspektivet manglar. Barn blir ikkje sett på som sjølvstendige individ med egne behov, men blir sett i samheng med familien sin. I ein rapport fra Folkehelsa antek ein at cirka 50 000 barn lever i fattigdom i Norge (Gjertsen, 2003). Det er etter mi meining difor viktig å sjå på omsorgssituasjonen til

denne gruppa av barn. Ein måte å gjere dette på er å sjå på kva psykiske konsekvensar fattigdom har for omsorgspersonen, og på korleis overgangsstønad som velferdsordning påverkar levekåra til den einslege forsørgjaren. Begge desse faktorane kan forklarast utfrå eit sosialkonstruksjonistisk perspektiv. Dersom individet ikkje klarar å leve opp til dei ulike forventningane kan dette skape psykiske konsekvensar for den det gjeld. Ulike økonomiske velferdsordningar er eit resultat av samfunnsmessige prosessar. Overgangsstønad er til dømes ei yting som er oppretta for å hjelpe den einslege i ein vanskeleg økonomisk situasjon, men skal og bidra til å legge til rette for at forsørgjaren skal klare seg sjølv ved å ta arbeid eller utdanning. Arbeidslinja er altså sentral.

I neste avsnitt vil eg diskutere begrepa psykiske konsekvensar og overgangsstønad opp mot realisering av god barneomsorg. Både psykisk helse og økonomiske levekår er viktige faktorar når vi vurderer omsorgskompetanse. For å understreke dette, kan ein sjå korleis psykologien beskriv til dømes risikofaktorar i barns liv: Risikofaktorar blir forklart som faktorar i barns liv og utvikling som aukar sjansen for skeivutvikling og problemåtferd. Av sosiale risikofaktorar kan nemnast blant anna psykiske forstyrringar i heimen, einsleg omsorgsperson, og dårleg økonomi (Helmen Borge, 2005). På bakgrunn av denne definisjonen ser eg det som viktig å ta utgangspunkt i begrepa psykiske konsekvensar og økonomiske tilhøve for å sjå om fattigdom har innverknad på realisering av god barneomsorg for einslege forsørgjarar. I neste avsnitt skal eg forklare kva psykiske konsekvensar fattigdom kan få for omsorgspersonen.

### 5.1 Psykiske konsekvensar av relasjonell fattigdom

I tråd med det sosialkonstruksjonistiske perspektivet har vi sett at det er ein nær samanheng mellom fattigdom og andre sosiale problem. Dette kan føra til ei opphoping av onder, og fattigdom må utfrå ein relasjonell forståing forklarast som ikkje berre mangel på pengar men og tap av rettar og relasjonar. Fattige kan bli sett ned på og stigmatisert, og dette får konsekvensar for korleis individet ser på seg sjølv (Halvorsen, 2006). Fattigdom truar dermed medborgarskapet og dersom ein blir utestengd frå det fullverdige medlemskapet i samfunnet som medborgarskapet fordrar, gjer dette noko med verdigheiten til individet. Med dårlege økonomiske ressursar kan det vera vanskeleg å delta på ulike arenaer i samfunnet, til dømes på ulike sosiale arrangement eller på kostbare fritidsaktivitetar med barn. Slik kan fattigdom

føra til marginalisering av enkeltindivid, og dette påverkar sjølvkjensla negativt. Dette kan igjen påverke muligheiten til å ivareta foreldrerolla på ein tilfredsstillande måte.

For å vera gode omsorgspersonar er det ein del foreldrefunksjonar som må vera til stades. Desse funksjonane er sosialt kontruert, og kan forklarast som kvalitetar hjå foreldra som har stor betydning for barnet si oppfatning av seg sjølv, og for korleis barnet utviklar seg (Killen, 2004). Slike foreldrefunksjonar kan blant anna vera evna til å engasjera seg positivt i samspel med barnet, og evna til empati med barnet. Ein annan foreldrefunksjon er evna til å bera eigen smerte og frustrasjon utan å måtte avreagera på barnet. Dersom foreldra opplever slit og nederlag som følge av fattigdom, kan dette trua fleire av foreldrefunksjonane. Blant anna kan det vera lettare å avreagere sinne og frustrasjon på barn dersom ein er sliten sjølv, og ikkje har ein annan omsorgsperson å dela foreldrefunksjonane med.

Omsorgspersonen kan ofte kjenna seg i konflikt med det samfunnet beskriv som god barneomsorg. Dersom ein har barn i barnehage og skule vil foreldre alltid bli møtt med ulike forventningar, blant anna til deltaking på ulike arrangement. Når ein er åleine om omsorga klarar ein ikkje alltid å tilfredsstille alle desse forventningane. Kjensla av å ikkje strekka til som god omsorgsperson blir då sterk. Dersom det blir vedvarande konflikt mellom sosialt konstruerte forventningar samfunnet har til ein som omsorgsperson og dei omsorgsoppgåvene ein er stand til å utføre, vil eg anta at dette kan føra til depresjon for den det gjeld. Depresjon kan forklarast som kjenslemessige tilstandar med både kognitive, motivasjonelle og somatiske sider. Kjensler som tristheit, einsomheit, engstelse, håplausheit og bekymring er dominerande ved depresjon (Bjerke og Svebak, 2003).

Kognitivt er depresjon karakterisert ved svakt sjølvbilde og negative tankar om notid og framtid. Motivasjonelt ser ein lågt aktivitetsnivå og somatiske eller kroppslege plager kan vera nedsett matlyst og søvnevanskar (Bjerke og Svebak, 2003). Frode Thuen har i sine studier av psykisk helsetilstand blant deltidsforeldre sett at denne gruppa har større førekomst av både angst og depresjon enn det som er vanleg i resten av befolkninga. Det er nærliggande å tru at slike depressive tilstandar kan få negative konsekvensar for realisering av omsorg for einslege forsørgjarar. Med lavt aktivitetsnivå og generell tristheit har omsorgspersonen på mange måtar meir enn nok med seg sjølv, og ser kanskje ikkje barn sine behov godt nok. Slik kan det vera vanskeleg å utføre foreldrefunksjonane tilfredsstillande, blant anna kan evna til å tole frustrasjon og bera eigen smerte bli svekka.

Ein annan psykisk konsekvens eg antek at relasjonell fattigdom kan få for individet, er at evna til å tole belastningar som press, krav eller utfordringar kan bli dårleg. Slike belastningar kallast stressorar, og påverknaden desse har på individet kan relaterast til prosessane i det sosialkonstruksjonistiske samfunnsperspektivet. Sjølve stressorane forstår eg kan samanliknast med fakta og teoriar som er presentert og etterkvart akseptert som verkelege i kraft av seg sjølv. Dersom individet kjenner konflikt mellom dei ulike stressorane og sin eigen verkeligheit, kan dette føra til negativt stress for individet (Bjerke og Svebak, 2003). I verste fall kan sterkt stress føra til psykisk overbelastning og langvarig sjukdom for den det gjeld. Ein klarar ikkje å ta den objektive verkeligheiten inn over seg og gjera den til sin eigen, fordi rammene i tilværelsen ikkje tillet det. Slik kan ulike stressorar bidra til negativ innverknad på evna til å realisera god barneomsorg. Ved dårleg psykisk helse vil foreldrefunksjonar som blant anna evna til å engasjera seg positivt i barnet bli redusert.

Eit anna sentralt begrep i diskusjonen om psykiske konsekvensar av relasjonell fattigdom er begrepet sjølvrespekt. Dette blir av blant andre Rawls sett på som det viktigaste av primærgode (Halvorsen, 2006) Primærgode forstår eg her som eit gode som er nødvendig for at individet skal få utvikle og realisere seg sjølv på ein tilfredsstillande måte, og dermed oppnå god livskvalitet. Verdigheit og sjølvrespekt er grunnleggande verdiar for individet, og det å vera ein respektert del av eit felleskap er viktig for å oppretthalde desse verdiane. Jamn inntektsfordeling blir sett på som eit middel for inkludering og sosial integrasjon i samfunnet. Nært knytta til verdien sjølvrespekt står og idealet om autonomi som inneber blant anna at ein skal ha eit minimum av kontroll over sitt eige liv og sine valgmoglegheiter (Halvorsen, 2006) Fattigdom og ulikheit må sjåast i lys av opplysningstida sine ideal om fridom, likskap og brorskap, og fattigdom truar difor idealet om autonomi. Den relasjonelle fattigdomen kan føra til at handlefridomen blir begrensa, fordi individet kan kjenna seg marginalisert frå ulike sosiale arenaer. Då har ein ikkje dei same valgmoglegheitene som andre, og dette kan føra til tap av verdigheit eller få negative konsekvensar for sjølvkjensla. Det moderne menneske skapar rollene sine gjennom forhandlingar med dei som blir berørt av rollene. Vi vel den rolla vi kjenner oss komfortabel med, og vi trur på det vi likar. Ifølge Anthony Giddens er nettopp *valget* eit sentralt kjenneteikn ved det moderne menneske. Vi er ikkje styrt av skjebne, men kan sjølv gripa inn i tilværelsen og velga til eller frå (Thuen, 2004).

Mange einslege forsørgjarar får mindre av denne personlege handlefridomen. Når ein får barn blir foreldra sin handlefridom automatisk redusert fordi ein har eit nytt hjelpelaust menneske å

ta seg av. Når ein er to om omsorga kan ein likevel klare å dele på omsorgsoppgåvene og legge til rette for handlefridom for kvarandre. Når ein derimot er åleine om omsorga seier det seg sjølv at denne handlefridomen blir sterkt redusert. Dette fører til at valgmogheiten til omsorgspersonen blir svært liten. Denne valgmogheiten blir viktig å ha med vidare i diskusjonen når eg i neste avsnitt skal belyse kva overgangsstønad som velferdsordning har å seie for levekåra til einslege forsørgjarar.

## 5.2 Overgangsstønad som velferdsordning

Einslege forsørgjarar har i utgangspunktet mindre økonomiske ressursar enn andre hushaldsgrupper. Hushald med fleire vaksne har betre mogheiter for fleire inntekter og kan dermed lettare tilpasse sin økonomiske situasjon etter behov (Øia og Fauske, 2006). Arbeidslinja har stor betydning for den økonomiske situasjonen, og eg vil i denne delen av oppgåva diskutere korleis overgangsstønad som velferdsordning kan vera med å leggja til rette for at einslege forsørgjarar kan realisere både omsorgsoppgåver og arbeidsliv. Ved å vera yrkesaktiv blir ein i stand til å forsørgje seg og sin familie sjølv, og unngår dermed i stor grad økonomisk fattigdom.. Samstundes har det skjedd endringar i overgangsstønaden som kan bidra til å skape konflikt mellom fenomenane barneomsorg og yrkeskarriere, ved at arbeidslivet stiller krav som blir uforenlige med god barneomsorg for einslege forsørgjarar.

Den samfunnsskapte virkeligheiten har endra seg også for dei einslege forsørgjarane. Frå å vera ei gruppe som stort sett var heimeverande og levde på trygd er einslege forsørgjarar no i stor grad yrkesaktive. Men, på tross av mindre stigmatisering av denne gruppa og aksept for endringar i familiemønster, møter einslege forsørgjarar mange barrierar i arbeidsmarknaden. Til dømes kan einslege mødre ha vanskar med å kome inn på arbeidsmarknaden, fordi det å vera åleine med barn i seg sjølv blir sett på som negativt, og mange arbeidsgjevarar forventar at belastningane i heimen er så store at det vil gå utover jobben (Widding Isaksen, 2003). Einslege forsørgjarar har og ein annan samansetning av inntekter og utgifter, og er i større grad enn gifte eller sambuande avhengige av offentlege overføringar for å klare seg økonomisk (Ellingsæter og Leira, 2004).

Mi meining er at yrkeskarriere ikkje berre har samanheng med økonomiske ressursar, men er nært knytta til individet sine valgmogheiter til å skape seg eit godt liv. Livskvalitet handlar mykje om realisering av seg sjølv og sine behov, og det moderne mennesket ser på



yrkeskarriere som ein viktig del av denne realiseringa. Vidare er det viktig for individet å ta vare på barna og utføre omsorgsoppgåvene på ein tilfredsstillande måte, i tråd med forventningane i samfunnet ellers. Dersom ein gjennom yrkeskarriere klarar å skape seg eit godt liv, antek eg at dette får positive konsekvensar for utføringa av omsorgsoppgåvene. Eg ser det difor som viktig å ta med arbeidslinja i denne diskusjonen.

### *5.2.1 Arbeidslinja*

I ein kronikk frå 2004 seier Knut Halvorsen at arbeidslinja blir knytta til positive verdiar som sosial inkludering, aktiv deltaking, verdigheit og sjølvrespekt. Den bygger opp om ein hegemonisk diskurs der lønsarbeidet er det konstituerande og normalitetsskapande i moderne samfunn. Dette tolkar eg som ei bekrefting på at det sosialkonstruksjonistiske idealet er at det å vera yrkesaktiv er viktig for individet sin sjølvrealisering. Halvorsen framhevar i denne kronikken at dagens sosialpolitikk (2004) i for sterk grad bygger på arbeidslinja og dette synet på yrkesaktivitet. Fattigdom blant anna hjå stønadsmottakarar er ein konsekvens av dette, ved at sosialhjelpsatsar og trygdeytningar er sette lågt slik at folk skal velga arbeid framfor trygd. Dersom ein ikkje kan delta i arbeidslivet blir ein dermed fattig. Denne politikken kan og verka ekskluderande for utsette kategoriar i befolkningen, blant anna dei som let omsorgsplikta gå framfor arbeidsplikta. Sjølv om denne artikkelen er nokre år gamal, rører den ved kjerna i det eg ynskjer å fokusere på i denne oppgåva, kjensla av å ikkje strekka til på alle område som einsleg forsørgjar, og samstundes koma i konflikt med eigne ønskje om å forsørgja seg sjølv. Relatert til den relasjonelle forståinga av fattigdomsfenomenet ser eg dette i samanheng med dei sosiale konsekvensane manglande yrkeskarriere har for individet, og i kva grad dette har innverknad på realisering av god barneomsorg for einslege forsørgjarar.

Overgangsstønad ser eg på som eit middel som bidreg til yrkeskarriere, men og som ei økonomisk yting som gjer det mogeleg å vere heimeverande med barn for ein periode. Eg vil i neste avsnitt diskutere endringar som er gjort i denne stønadsordninga som kan bidra til å skape konflikt mellom det å vera yrkesaktiv einsleg forsørgjar og det å vera ein god omsorgsperson.

### 5.2.2 Overgangsstønad og omsorg

På slutten av 1990-talet vart stønadsordningane for einslege forsørgjarar endra. Blant anna skjedde det ein vesentleg endring i overgangsstønaden. Denne stønaden hadde tidlegare gjort det mogeleg å velga å vera heime med barn inntil yngste barn var ti år, men endringa førte til at dette no kun var mogeleg til yngste barnet var tre år. I tillegg vart stønadstida som hovudregel avgrensa til tre år (Widding Isaksen, 2003). Hovudmålsetjinga med endringane må kunne seiast å vera å sørnga for at flest mogeleg einslege forsørgjarar skulle forsørgje seg og sine barn sjølv gjennom deltaking i arbeidslivet. Det hadde og i den tidlegare ordninga vorte oppmuntra til utdanning og lønna arbeid, men den nye reforma sette krav om yrkes- og utdanningsaktivitet for at stønadmottakaren skulle ha rett til stønad etter at barna var tre år. Frå politisk hald vart det sagt at lønna arbeid skulle vera målet for alle i yrkesaktiv alder, og velferdsordningane skulle stimulera til at folk gjekk ut i arbeidslivet. Dette måtte og sjåast som ei styrking av arbeidslinja, og arbeid til alle var det viktigaste målet i velferdspolitikken (St.meld. nr. 35 (1994-1995)). Endringane vart og sett i eit likestillingsperspektiv, og utbygging av barnehagar og auka fødselspermisjon var faktorar som la til rette for at ein kunne vera yrkesaktiv med små barn. Å vera heime med små barn var ikkje lenger i samsvar med moderne mødre sine ønsker (Widding Isaksen, 2003).

Sett frå eit sosialkonstruksjonistisk samfunnsperspektiv kan denne politiske føringa relaterast til eksternaliseringsfasen der ny kunnskap og teoriar om blant anna yrkesliv og barneomsorg blir presentert. Ei slik reform som dette ser eg på som eit døme på maktutøving der lover og reglar bestemmer over valgmoglegheitene til blant anna einslege forsørgjarar. På ei anna side har ordninga hatt positive føringar i den grad mange einslege forsørgjarar har fått moglegheit til å ta yrkesretta utdanning i stønadsperioden. Sett frå eit relasjonelt fattigdomsperspektiv åpnar dette for individet sine moglegheiter til å delta på samfunnet sine ulike arenaer, og sjølvkjensle og verdigheit blir ivareteken ved moglegheit til å forsørgje seg og sine barn sjølv. Med dagens barnehagetilbod der barn av einslege forsørgjarar har fortrinnsrett, blir nokre av omsorgsoppgåvene ivaretekne i stor grad av profesjonelle. Ein kan difor anta at den tradisjonelle ”dårlege samvittigheten for å ikkje strekka til på heimebane” blir mindre.

Ser ein på dei endringane som er gjort i stønader, spesielt med tanke på at den er avgrensa i ein treårsperiode, kan dette ha meir begrensande konsekvensar for valgmoglegheiten for einslege forsørgjarar. Blant anna fører dette til at ein må ta utdanning mens barna er små.

Boka "Omsorgens pris" frå 2003, redigert av Lise Widding Isaksen inneheld blant anna eit kapittel som tek føre seg overgangsstønad og einslege forsørgjarar. Forfattaren av kapitlet har sett på konsekvensar av ovanemnde reform, og fått ein del tilbakemeldingar frå mottakarar av overgangsstønad som har opplevd desse endringane. Sitatet nedanfor er ein slik tilbakemelding frå ei einsleg mor, som etter mi meining gjev ein god beskrivelse av korleis endringane kan koma i konflikt med omsorgsbegrepet:

*"Vanskelig å følge opp barnas skolegang med full jobb. Altfor lang arbeidsdag for barna fra 0700 til 1645 med transport og jobb. Hvor blir det av tid til barndommen? Mang en gang har jeg hatt dårlig samvittighet for barna. Nesten daglig. Slik arbeidsplassene er blitt med årene krever de mer og mer av en arbeidstaker på mindre tid. Helst skal du stille opp for dem når det passer dem. Men, er du så uheldig å spørre om fleksibel arbeidstid eller lignende da ser de helst at du slutter. Da er man et problem. Det som oppleves som mest slitsomt er at selv om jeg jobber i full stilling (noe som i min stilling oppleves som for mye), ser jeg ikke at den økonomiske situasjonen kan bli noe bedre på sikt med mindre jeg finner en rik mann eller vinner i lotto".*

Ser ein på dei ulike tilbakemeldingane i dette kapitlet samla verkar det å vera ein generell motstand mot og ambivalens i høve til å vera i full jobb. Opphavet er konflikt mellom opplevinga av barna sitt behov for omsorg, opplevinga av eigne behov for å vera meir saman med barna, og den livssituasjonen ein har som følge av at ein er åleine om omsorga. Ein ønskjer å følge opp barna ved å vera tilgjengeleg og ikkje gå glipp av den viktige småbarnstida. Men, kan ein risikera å bli fattig dersom ein prioriterer slik? Mange argumenterer og for kor viktig det er å ha muligheiten til å velga, og kor viktig det er å kunne ta utdanning. (Widding Isaksen, 2003). Med utdanning kan ein få jobb, og dermed unngå fattigdom. Desse argumenta støttar difor i stor grad opp om det eg har kome fram til i mine dokumentstudier om å finna ut i kva grad fattigdom har innverknad på realisering av god barneomsorg for einslege forsørgjarar. I tråd med den mykje omtala tidsklemma, ser eg i dagens samfunn føringar der foreldre i større grad ser det som viktig å prioritera omsorgsoppgåvene framfor yrkeskarriere for ein periode. Eg antek at for einslege forsørgjarar vil dette bli problematisk, og at denne gruppa i større grad enn andre vil kjenna konflikt mellom denne nye samfunnsskapte "trenden", og sine eigne muligheiter til å velga. Slik kan den relasjonelle fattigdommen koma sterkare i konflikt med omsorgsbegrepet hjå denne gruppa av omsorgspersonar.

## 6.0 Avslutning

Eg har i denne oppgåva belyst det sosiale problemet fattigdom utfrå eit sosialkonstruksjonistisk samfunnsperspektiv, for å finne svar på om fattigdom har innverknad på realisering av god barneomsorg. Eg har valgt å avgrense oppgåva ved å relatere problemstillinga til gruppa av einslege forsørgjarar. Det sosialkonstruksjonistiske samfunnsperspektivet har som utgangspunkt at menneske som medlemmer av eit samfunn sjølve er med å skape sin eigen virkelighet, og ulike sosiale problem kan difor seiast å vera samfunnskapte. Eg har nytta dokumentstudie som kvalitativ forskningsmetode for å finne data om kategoriane fattigdom, omsorg og einslege forsørgjarar. Utfrå definisjonane på desse kategoriane har eg analysert korleis relasjonell forståing av fattigdomsfenomenet kan ha innverknad på realisering av god barneomsorg for einslege forsørgjarar. Deretter har eg sett på ulike foreldrefunksjonar og korleis desse kan kome i konflikt med blant anna samfunnet sitt syn på arbeidslinja.

Einslege forsørgjarar er ei gruppe i vekst blant anna som følgje av auka tal på samlivsbrot. Mange einslege forsørgjarar slit med psykiske vanskar, enten som følgje av livssituasjonen etter eit samlivsbrot, eller at dette var ein årsak til samlivsbrotet. Forventningar yrkeslivet har til den enkelte, og forventningar den enkelte har til økonomiske goder generelt skaper ekstra belastningar når ein er åleine om omsorga for barn. Ulike økonomiske velferdsordningar som til dømes overgangsstønad kan gjera kvardagen lettare for denne gruppa, men ikkje alle foreldre er i stand til å gje god omsorg i ein situasjon der ein kan kjenna seg utstøtt og stigmatisert. Eg antek at mange barn lever i familiestrukturar der foreldre opplever reduksjon eller forringing av levekår og livsskvalitet som følgje av livssituasjonen. Ei 26 år gammal åleinemor uttrykker seg slik til Aleneforeldreforeningen: *”Jeg er fattig og annerledes. Når du er helt mutters alene med et barn er du ganske sårbar”*. Ho mottek sosialtrygd, er ringehjelp på ein sjukeheim, – og flau. Det er knytta stor prestisje til det å vera forelder. Skam, saman med å ikkje klare seg økonomisk, og redselen for at barna blir mobba gjer at få foreldre vil snakka åpent om desse problema. Slik kan på mange måtar den relasjonelle fattigdomen vera eit skjult sosialt problem som får konsekvensar for omsorgssituasjonen til barn.

## Litteraturliste

- Berger, P. L., Luckmann, T. (2000) ”*Den samfunnsskapte virkelighet*”  
Bergen, Fagbokforlaget.
- Bjerke, T., Svebak, S. (2003) ”*Psykologi for høgskolen*”  
Oslo, Gyldendal Akademisk
- Bunkholdt, Vigdis (2003): ”*Utviklingspsykologi*”. Universitetsforlaget.
- Dalland, Olav (2004) ”*Metode og oppgaveskriving for studenter*”  
Oslo, Gyldendal Akademisk
- Ellingsæter, A. L., Leira, A. (2004) ”*Velferdsstaten og familien*”  
Oslo, Gyldendal Akademisk.
- Fossåskaret, E., Fuglestad, O. L., Aase, T. H.(2006) ”*Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolking av kvalitative data*”  
Oslo, Universitetsforlaget
- Frønes, I., Kjølrsrød, L. (2005) ”*Det norske samfunn*”  
Oslo, Gyldendal Norsk Forlag AS
- Gjertsen, P.-Å. (2003) ”*Sosialpedagogikk. Grunnlagstenking, kunnskap og refleksjon*”  
Bergen, Fagbokforlaget.
- Halvorsen, Knut (2002) ”*Forskningsmetode for helse- og sosialfag – en innføring i vitenskaplig metode*”  
Oslo, Cappelens Forlag
- Halvorsen, Knut (2006) ”*Sosiale problemer. En sosiologisk innføring*”  
Bergen, Fagbokforlaget.
- Hatland, A., Kuhnle, S., Romøren, T. I. (2004) ”*Den norske velferdsstaten*”  
Oslo, Gyldendal Akademisk
- Hermen Borge, A. I. (2005) ”*Resiliens. Risiko og sun utvikling*”  
Oslo, Gyldendal Akademisk
- Killen, Kari (2004) ”*Sveket*”  
Oslo, Kommuneforlaget
- Nygrän, Per (1995) ”*Profesjonelt barnevern som barneomsorg*”  
Oslo, Ad Notam Gyldendal AS.
- Opjordsmoen, S. V., Thorsen, P., Bloch, G.-R. (2005) ”*Oss imellom. Om relasjonens betydning for mental helse*”  
Stavanger, Hertervig Forlag

Røkenes, O. H., Hanssen, P.-H. (2002) ”*Bære eller bryte. Kommunikasjon og relasjon i arbeidet med mennesker*”  
Bergen, Fagbokforlaget.

Schiefloe, P. M. (2003) ”*Mennesker og samfunn. En innføring i sosiologisk forståelse*”  
Bergen, Fagbokforlaget

Scott, John (1990) ”*A matter of record*”  
Cambridge UK, Polity Press

Terum, Lars Inge (1998) ”*Perspektiv på fattigdom*”. Fra: ”*Tidsskrift for velferdsforskning*”  
Vol. 1, nr. 2/1998.

Thuen, Frode (2004) ”*Livet som deltidsforeldre*”  
Bergen, Fagbokforlaget.

Wadel, Cato (2002) ”*Feltarbeid i egen kultur*”  
Flekkefjord, Hegland Trykkeri AS

Widding Isaksen, L.(red.) (2003) ”*Omsorgens pris. Kjønn, makt og marked i velferdsstaten*”  
Oslo, Gyldendal Akademisk

Øia, T., Fauske, H. (2003) ”*Oppvekst i Norge*”  
Oslo, Abstrakt Forlag

[http://barnasrett.no/tema/karikillen\\_besøkr25.01.07](http://barnasrett.no/tema/karikillen_besøkr25.01.07).

St.mld. nr. 6 (2002-2003)  
St.mld. nr. 35 (1994-1995)

Norges Lover